

Ordfører  
Per Lerøy



### Oppmoding til ordfører om å opprette og leie ein kommunekomité for TV-aksjonen NRK 2023

På vegne av TV-aksjonen ynskjer me å takke for samarbeidet med fjorårets aksjon der me engasjerte heile landet i Leger utan grensers arbeid for å gje livreddande helsehjelp og medisinar til menneske som treng det mest. Kommunen din samla inn 168 208 kroner, det e imponerande.

I vårt felles arbeid med TV-aksjonen bidrar me som nasjon til ulike bærekraftsmål kvart år. Me ser at lokalt engasjement gjer endringar globalt. Den lokale mobiliseringa for TV-aksjonen gjer verden til ein litt betre plass kvart einaste år. Dette har me god grunn til å vera stolte av.

Kommunekomiteane er heilt avgjerande for ein vellykka TV-aksjon. Mobiliseringa av bøsseberar og samhandlinga mellom kommuneleinga, dei frivillige, skular og næringsliv gjer fantastiske resultat år etter år. Her er du som ordførar ein viktig leiar for og forankra samarbeidet på tvers av dei ulike sektorane i kommunen. Me håpar du vil fortsette tradisjonen og ta på deg vervet som leiar i kommunekomiteen i din kommune. Saman skal me laga - i vetle Noreg – det som er verdas største innsamlingsaksjon. TV-aksjonen bidreg til ein viktig sak kvart år, samstundes skapast felles opplevingar i lokalsamfunnet.

Oppgåva vil med anna vera:

- Sette saman og leie kommunekomiteen
- Inspirera og motivera lokalsamfunnet til å engasjera seg
- Skapa ankring for god samhandel i kommunen

TV-aksjonen 2023 går til Redd Barnas arbeid for å hjelpa barn som er ramma av krig og konflikt. Kvart 6. barn i verda veks opp krig og konflikt, og aldri har fleire barn vært på flukt som no.

I år vil TV-aksjonen gå føre seg den 22. Oktober.

Redd Barna er til stades der barn treng dei og skal hjelpe barn handtera vonde opplevingar, gje helsehjelp og riktig ernæring. Dei vil føra saman barn og familiar som er komen frå kvarandre.

Samt jobbe med å laga trygge tilhøve for skule og læring, og gje barna trygge områder der dei kan leka og le. Med årets TV-aksjon skal me medverke til Redd Barnas arbeid i Ukraina, Syria, Bangladesh, Sør-Sudan, Den demokratiske republikken Kongo og Norge. Det er meir enn 100 million menneske på flukt i verda i dag og halve delen av dei er barn.

**Saman skal me gje meir enn 100 000 barn moglegheit til å leike, lære og leve i fred.**

Når kommunekomiteane er vald ut, ber me om at medlemmane registrere seg på vårt elektroniske registreringsskjema her: [blimed.no/komite](http://blimed.no/komite). Informasjon om årets TV-aksjon finne du her: [blimed.no/tv-aksjonen-nrk/](http://blimed.no/tv-aksjonen-nrk/)

Helsing

**Anett Bang Henneli**

Anett Bang Henneli  
Fylkeskoordinator Vestland  
TV aksjonen 2023

**Marte E. Eggum**

Marte E. Eggum  
Fylkesleder Vestland  
TV aksjonen 2023